

Måndsdebrev, mai 2021

GLIMMER

Og vipps der var mai månad gått. Vi har det grådig kjekt på Glimmer, gjere mykje moro både på tur og i barnehagen, ikkje rart tida flyg! ☺

Denne månaden har vi hatt 17.mai aktivitetar, vi har hatt mini 17 mai, vore mykje ute, både i barnehagen og på tur. Ein tur i hallen vart det og, samt såing av frø.

Vi prøver vere mest mogleg ute uansett ver, men sjølvst har vi og litt inneleik. No i mai bytta vi ut togbana med eit leikeborde inne på vår avdeling, det innbyr til mykje moro både over og under bordet. Ungane har godt samspel seg imellom, og vi vaksne synest det er stas å bli invitert med i leik.



17.mai vart feira vi 10.mai. Det vart ein kjempeflott dag for store og små. Litt aktivitar i forkant, øving på sangar, og samling i all enkelheit der vi prata om at Noreg hadde bursdag. Felles kohortvis tog frå barnehagen, opp til butikken og tilbake. Veldig kjekt at så mange kom ut for å sjå toget vårt, både frå kommunehuset, butikken og skulen. Tilbake i barnehagen feira vi med pølse, og ikkje minst is og kaker til frukta ☺



For å gjere noko litt anna med dei tre eldste barna på avdeling, fekk dei ein tur på biblioteket. Der hadde dei ei kjekk stund med lesing av bøker. Snille som dei er, lånte dei med seg bøker som vi kan lese på avdeling. Barna på Glimmer er «lesehestar» så det var stor stas.

Når vi er på tur snakkar vi mykje om blomster, vi stoppar og studerer det vi ser, vi høyrer på fuglesang, og vi studerer Asko-bilen på butikken.... Vi held og eit ekstra auge med treet vårt som verkeleg har skote fart no i finveret. Tur til Kvernsteinsparken er stas. Det er eit stykke å gå for små føter, men det er ingen hindring for turbarna våre! Ein flott vårdag gjekk turen gjennom heile parken og tilbake. Det er ei imponerende bragd for desse små, både i høve lengda på turen og ikkje minst motoriske utfordringar i terrenget gjennom parken. Litt eventyr flettar vi og inn på turane våre. I terrenget rundt brua innbyr det sjølvstilt til dramatisering av «Bukkene Bruse». Ungane har ulike roller, og trollet er ikkje langt unda....spennande.....



Etter ein lang pause frå besøk i hallen, fekk vi oss endelig ein tur opp dit. Her er det jo lov å springe inne!! Mykje moro med ballspel både for liten og stor. Ungane på Glimmer er ivrige både fotball og håndballspelarar.



Utanfor gjerdet vårt har vi no sådd i ein pallekarm. Barna fekk vere med å så gulrot og sukkerert. Vi fekk og nokre jordbærplanter, så no ventar vi spent på avling.



Framover håpar vi på mykje fint sommarver, vi planlegg og for ein dag eller to med utelunsj, men det tek vi like gjerne på sparket når ver og anna passar. Minner og på at det er fint om de foreldre smør ungane med solkrem før dei kjem i barnehagen, så tek vi ny smørjerunde her utover dagen. Flott om de òg sender med barna solhatt/caps som dei kan bruke i barnehagen. Ei t-skjorte og ein shorts kan og vere lurt å ha i bytekleda om det flotte sommarveret held fram.

I veke 23 blir det gruppefotografering i barnehagen. Datoen veit vi ikkje endå, men den blir sendt ut så fort vi får endelig beskjed.

Elles ein liten takk til foreldra for gode og hyggelige foreldresamtalar. Er det noko de lurar på eller ynskjer å ta opp, ta gjerne kontakt.

Ynskjer alle små og store ein flott juni månad!

Helsing Jørn, Sissel, Linn og Maja